

Saksbehandlar: Sissel Brusegård, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 15/9057-20

Søknad om godkjenning av Nordfjord opplæringskontor

Fylkesdirektøren rår fagopplæringsnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Nordfjord opplæringskontor er godkjent i helse-, kontor og administrasjons-, resepsjons- og reiselivs-faget.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fagopplæringsnemnda handsama i sak 9/16 søknad om godkjenning av Nordfjord opplæringskontor. I saka gjorde nemnda slikt vedtak:

1. Nordfjord opplæringskontor, Hegrevegen 1, 6781 Stryn, vert godkjent som tverrfagleg opplæringskontor i Sogn og Fjordane innanfor utdanningsprogramma service og samferdsel og teknikk - og industriell produksjon. Kontoret er tidlegare godkjent for utdanningsprogramma helse- og oppvekstfag, samt programområda kontor - og administrasjonsfaget og salsfaget.

2. Godkjenninga er under føresetnad av at Nordfjord opplæringskontor endrar sine vedtekter slik at desse er i samsvar med vedtaket.

I arbeidet med oppfølging av vedtaket har fylkesdirektøren oppdaga sakshandsamingsfeil og vil som følgje av dette legge fram ny sak.

2. Vurderingar og konsekvensar

Godkjenning av opplæringskontor føl av opplæringslova § 4-3. Godkjenning av opplæringskontoret føl av at dei enkelte bedriftene som inngår i kontoret er godkjende av fylkeskommunen. Fylkeskommunen gir bedriftene godkjenning for kvart enkelt fag lærebedrifta kan ha lærling/lærekandidat i.

Når ei verksemd ønskjer å ta inn lærlingar må denne godkjennast som lærebedrift. Ei slik godkjenning føreset at verksemda har relevante arbeidsoppgåver som gjer det mogleg med ei opplæring i kompetansemåla i den aktuelle læreplanen for lærlingen. Verksemda må og ha ein

fagleg leiar som tek i vare opplæringsansvaret i samsvar med opplæringslova.

Lærebedrifta må:

- lage plan for opplæringa med utgangspunkt i læreplanen for faget
- gjere seg kjend med opplæringslova som omhandlar opplæring i bedrift
- ha eit godt arbeids - og læremiljø
- ha system for planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa
- vurdere lærlingen/lærekandidaten kontinuerleg
- melde lærling/lærekandidat opp til fag - eller sveineprøve ved slutten av læretida

Der lærebedrifta er eit opplæringskontor skal dei samarbeidande bedriftene dokumentere at dei samla stetter krava.

I godkjenninga av Nordfjord opplæringskontor vart dette i sak 7/15 og i sak 9/16 knytt til utdanningsprogram. Dette fordrar at opplæringskontoret gjennom sine medlemsbedrifter samla kan dokumentere at dei møter krava for alle lærefaga i desse utdanningsprogramma. Fylkesdirektøren gjorde ein sakahandsamingsfeil når det vart tilrådd godkjenning i utdanningsprogram utan at det låg føre tilstrekkeleg dokumentasjon til å støtte godkjenninga.

Nordfjord opplæringskontor har i dag medlemsbedrifter med godkjenning i følgjande fag:

- helsefaget
- kontor og administrasjonsfaget
- resepsjonsfaget
- reiselivs faget

Med bakgrunn i dette tilrår fylkesdirektøren at tidlegare godkjenning blir erstatta med godkjenning av opplæringskontoret i desse fag.

Re-godkjenning av opplæringskontor

I opplæringslova § 4-3, andre ledd, står det:

Der samansetjinga av opplæringskontoret eller opplæringsringen endrar seg, skal kontoret eller ringen melde frå til fylkeskommunen, som skal vurdere godkjenninga på ny.

Når opplæringskontor får nye medlemsbedrifter med godkjenning i nye fag, har fylkesdirektøren godkjent opplæringskontoret i dei nye faga. Denne praksisen har vorte gjennomført i samsvar med opplæringslova § 4-3 med tilhøyrande vedtak i fagopplæringsnemnda sak 3/14:

1. *Fagopplæringsnemnda delegerer mynde til å godkjenne lærebedrifter til fylkesdirektøren for opplæring. Oversikt over nye godkjende lærebedrifter skal leggjast fram for fagopplæringsnemnda.*

Som følge av dette vil Nordfjord opplæringskontor fortløpande kunne få godkjenning i fleire fag om dei får medlemsbedrifter som gjer til at kontoret samla stetter krava i opplæringslova.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren for opplæring tilrår at Nordfjord opplæringskontor blir godkjent i helse-, kontor og administrasjons-, resepsjons- og reiselivs faget.